

ÅRSRAPPORT

Fjordane Friluftsråd

for 2024



Refvika, Nord Vågsøy - Kinn kommune. Foto; Bjarte Engevik

Innleiing

Fjordane Friluftsråd består av kommunane; Solund, Hyllestad, Askvoll, Kinn, Bremanger, Stad og Stryn.

Styret

Styret var i 2024 samansett slik :

Leiar:	Arlene O.Vågene
Nestleiar;	Nils Chr. Bjørgo
Styremedlemer:	Mona Birkeland
	Nikolai Valvik
	Julie Ovedie Gabrielsen
	Janikke Brenden Frøyen
	Hans Christian Hansen
	Kari Synnøve Muri

Varamedlemer:	Tone Olsen Thesen
---------------	-------------------

Sara Tunestveit
Morten Askvik
Arnt Henning Blom
Charlotte Skjølberg
Marie Kristine Kroken
Andreas Sundena

Styremøter

Det har vore avhelde 3 styremøter og blitt handsama 21 saker.

Medlemmer

Fjordane Friluftsråd har 7 kommunar med ca 42700 innbyggjarar.

Representantskapsmøte

Representantskapsmøte helde den 20.06.

Aktivitet

- STRANDRYDDING
- Rydd Sogn og Fjordane
- Skuleturne for havet
- Rydd i Tide

Ryddestatistikk

Tal frå *Rydde* viser at det i prosjektperioden (01.04.24-17.02.25) er gjennomført 173 aksjonar i våre medlemskommunar (Solund, Askvoll, Hyllestad, Kinn, Bremanger, Stad, Stryn) og tilgrensande kommunar (Gloppen, Gulen, Sunnfjord og Fjaler). Tek vi bort aksjonar gjennomført av andre organisasjonar som har gjennomført rydding utan oss, med eigne midlar og der dei sjølv tek rekninga for avfallet, endar vi på 171 aksjonar og 3082 frivillige. Dei har til saman rydda 34 416 kilo avfall og 183 093 meter strandlinje.



Foto; Bjarte Engevik, Djupvika Solund,

- **Rydd i Tide Vestland, Askvoll, Kinn og Stad**

Rydd i Tide prosjektet finansiert av Handelens Miljøfond, har rydda deler av Stad, Sør Kinn og Askvoll kommune. Sidan januar 2024 og ut året vart det rydda 25,9 tonn marint avfall og 597 km kystline.

- **Skoleturne for Havet**

Samla resultat for prosjektperioden 2023-2024 som registrert i Ryddeportalen er 1703 deltakere og innsamla 8837 kg over 210 864 m strandlinje. Ryddeaksjonane har vore gjennomført saman med elevar frå barneskulealder til folkehøgskular.

Prosjektet har vekka liv i mange nye miljøforkjemparar blant både elevar og lærarar som ynskjer å fortsette kampen mot marin forsøpling i sitt nærområde. Prosjektet er no rappportert som avslutta.

- **Administrasjon og tilsette**

Vi har i 2024 hatt 9 tilsette i 8 årsverk fordelt slik

1 stilling som dagleg leiar,

1 stilling som nestleiar og leiar for Skjergardstenesta,

1 stilling som økonomimedarbeider

1 prosjektkoordinatorstilling Rydd Sogn og Fjordane

1/4 stilling som assisterande prosjektleiar Rydd Sogn og Fjordane

1/4 stilling «Skuleturne for havet»

½ stilling som prosjektleiar Rydd i Tide

2 x ½ stilling som strandrydder Rydd i Tide

1 stilling som friluftsrådgjevar

1 stilling som prosjektleiar for StikkUt

HMS

1 mindre personskade i 2024 og litt slitasjerelaterte skader 4,3 % legemeldt sjukefravær. Det er gjennomført ein HMS samling med førstehjelp og sjøredning som tema i Florø. Vi er tilknytta Grønn Jobb Bedriftshelseteneste.

- **Friluftsrådgjevar**

Det har vore god deltaking på tilsaman 11 friluftsskular i kommunane Bremanger, Kinn, Solund, Stad, Stryn og i vårt nye medlem; Hyllestad. Totalt var det 159 born og unge som deltok på Friluftsskulane sommaren 2024, ein auke på 1 skule og 15 deltakarar frå forrige år.

Både før og etter sommaren vart prosjektet «Friluftsliv og strandrydding som sosial arena» gjennomført, det var totalt 4 turryddingar med 96 deltakarar. I tillegg vart det gjennomført 4 seglas med 88 deltakere.

Ro og padled prosjektet i Askvoll, Solund og Stad har kartlagt 24 ruter med total distanse 284,8 km. Det blir satt opp infotavler som viser desse rutene i Solund (Hardbakke og Steinsund) samt på Bulandet.



Foto; Ålfotfjellet, Langesjøvatn

- **Stikk UT! Elektronisk turtrim og turregistrering.**


Arbeidet med å etablere Stikk UT! som turtrim og turregistrering i Fjordane friluftsråd sine medlemskommunar har vore leia av Jan Erik Hansen. Arbeidet starta opp sommaren 2023, og fram til oppstart av første sesong 1. mai 2024 vart arbeid med organisering av turtrimmen i Stad, Stryn og Kinn kommune. I kvar kommune har friluftsrådets kontaktperson vore med på å velje ut turmål.

For dei utvalde turmåla har prosjektleiar/kontaktperson hatt dialog med lokale lag, turlag, frivillige og grunneigarar. For turar der kommune eller turlag ikkje har hatt grunneigaravtale om å sette opp skilt har friluftsrådet jobba med å få på plass dette. Der det allereie har vore avtalar på plass har det vært dialog med grunneigar om å nytte turane som turmål for Stikk UT!


Til oppstart av sommarsesongen 1. mai 2024 hadde Fjordane friluftsråd 29 turmål fordelt på Kinn, Stad og Stryn kommune. Turane var utvalgt for å ha god geografisk fordeling slik at alle kunne finne eit turmål i nærområdet, samtidig som det vart lagt vekt på å ha varierte turar. Sommarsesongen varte fram til 30. oktober, og i løpet av tidsrommet hadde 1613 deltakarar registrert turar i vårt område.

Frå sommaren vart det jobba med å velje ut turmål til vintersesongen. Til vintersesongen var vi og klar med turar i Askvoll kommune. Vintersesongen starta opp 1. desember, med 36 turmål fordelt på Kinn, Stryn, Stad og Askvoll kommune.

Om ein legg saman sommar og den første månaden av vintersesongen var det i 2024 1682 ulike deltakarar, som registrerte 6669 turar i vår region. Starten på vintersesongen syner ei positiv utvikling, der det kvar deltakar registrere fleire turar samanlikna med sommarsesongen.



Tabell; Jan Erik Hansen, Fjordane Friluftsråd.



Foto; Bjarte Engevik. Jan Erik og Lasse nyter vinter kveldssola ved StikkUt post på Sørstrand, Kinn.

- **Arbeidsbåtar**

I desember 2023 henta vi ein alubåt som skulle bli “nye” Fjordtrygg og starta klargjering av denne. Gamle Fjordtrygg vart då lagt ut for sal. Her ble det monter mykje nytt og gammalt utstyr, med anna flåte og anna sikkerhetsutstyr. Dette vart gjort i starten av januar 2024

- **Skjærgårdsteneste**

Skjærgårdstjenesten har i 2024 vert ute på ca.120 oppdrag og henta inn 40150 kg avfall og båtvrak. I 2024 har vi ikkje fått penger i frå HMF til henting av herrekjende båtvrak, kun fra Miljødirektoratet til innhenting av herrelause båtar. Det er difor henta inn langt færre båtvrak i 2024, 15 stk. Men, vi fekk heva ein stålbåt etter mye strabaser som låg i kanalen i Florø. Resten har vert depotinnhenting, person og utstyrstransport.

Skjærgårdstjenesten har også vært på oppdrag for transport under fugleteljing med drone Lasse avgav ei heil veke i juni. Siste veke november bistått Sunnmøre Friluftsråd med styringssystem både Friluftsråd og Skjergardsteneste.



Foto; Lasse Lund, Skjergardstenesta i Fjordane Friluftsråd.

- **Forvaltningsplanar**

Skjergardstenesta har også jobba med ein 5 år forvaltningsplan for det Statlegeigde friluftsområdet, Refvika i Kinn kommune. Her fekk vi inn kr.300 000,- til treklopper i 2023 og vidare kr. 300 000,- til bruk i 2024. For dette er det bygd treklopper og 2 bruer, men det står igjen mange meter og det er difor søkt nye midlar for 2025 , kr.930 000,-

Det er også er også utarbeida ein 5 år forvaltningsplan for Tvibyrge i Askvoll kommune. Her er det søkt om midlar for 2024 og vi fikk kr. 300 000,- Desse er brukt til å reparere den gamle steinbrygga og til innkjøp av fortøyningsmateriell for gjestande båtar (bøyer, moringer,

fjellboltar) som skal på plass våren 2025. Det er også søkt om nye midler til restaurering av Geritehuset, kr.665 000,-

Det er også lagd ein forvaltingsplan for området Prestholmen og Brendøya i Florø. Den er ikkje politisk forankra enno, men det er allikevel søkt om midler her også til sanitæranlegg og ein rullestol port. Totalt kr.2 600 000,-.

- **Opplæring/studieturar-samlingar,**

Ledersamling Gardermoen 11-12 februar Arlene og Bjarte
 Hold Norge Rent konferanse Bergen 7-8.mai, Karoline, Roger og Bjarte
 Ansattesamling Langesund i Grenland Lasse og Anna 23-26.09
 Arrangør av Vestkystparken si driftssamling, Florø,16-17.10 Lasse og Bjarte
 Møte Skjærgårdstj. I Langesund 13-14.nov, Lasse og Bjarte
 Møte Kystpilgrimsleden, Selje, Lasse
 Rydd i Tide samling, Bergen, Roger

- **Corona og handtering**

Covid-19 hadde ingen negativ påverknad i høve vår aktivitet dette året.

- **Økonomi ;**

Inntekter/omsetning var på kr. 17.309.144,-

Dette gjev ein positivt årsresultat på kr.602.950,-. Satsinga på StikkUt har eit negativt resultat på kr.468.519,- som då påverkar årsresultatet utan fondsbelastning.

Resultat alle tenester FF 2024	Utgifter	Inntekter	Til avsetning	Bruk av Fond
<i>Fjordane Friluftsråd 36005</i>	3 294 424	-3 435 001	-320 877	30 300
<i>Friluftsliv og folkehelse 36007</i>	2 386 652	-2 605 556	-218 904	
<i>*Rydd Sogn og Fjordane 36010</i>	3 854 936	-4 150 079	-295 143	
<i>Skjergardstenesta 36011</i>	3 793 773	-4 051 935	-390 756	132 593
<i>Rydd Norge Vestland 36015</i>	2 323 124	-2 331 806	-8 682	
<i>Stikk UT 36016</i>	1 053 285	-584 766	-	468 519
Summen	16 706 194	-17 159 143	-1 234 362	631 412

SAMANDRAG DRIFT

36005 Interkommunalt friluftsråd

Utgifter	3 294 424	3 236 000	-58 424	3 236 000	2 832 933
Avsetnad til fond	320 877	74 000	-246 877	74 000	1 438 606
Inntekter	-3 435 001	-3 160 000	275 001	-3 160 000	-4 121 539
Bruk av fond	-30 300	0	30 300	0	0
<i>Sum teneste: 36005 Interkommunalt friluftsråd</i>	<i>150 000</i>	<i>150 000</i>	<i>0</i>	<i>150 000</i>	<i>150 000</i>

36007 Friluftsliv og folkehelse

Utgifter	2 386 653	3 574 000	1 187 347	3 574 000	2 014 920
Avsetnad til fond	218 904	0	-218 904	0	161 045
Inntekter	-2 605 556	-3 574 000	-968 444	-3 574 000	-2 175 965
Bruk av fond	0	0	0	0	0
<i>Sum teneste: 36007 Friluftsliv og folkehelse</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

36010 Strandrydding

Utgifter	3 854 936	4 361 000	506 064	4 361 000	3 904 836
Avsetnad til fond	295 143	0	-295 143	0	0
Inntekter	-4 150 079	-4 361 000	-210 921	-4 361 000	-3 181 828
Bruk av fond	0	0	0	0	-723 008
<i>Sum teneste: 36010 Strandrydding</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

36011 Skjergardsteneste

Utgifter	3 793 773	2 620 000	-1 173 773	2 620 000	3 520 092
Avsetnad til fond	390 756	100 000	-290 756	100 000	388 093
Inntekter	-4 051 935	-2 720 000	1 464 529	-2 720 000	-3 908 185
Bruk av fond	132 593	0	0	0	0
<i>Sum teneste: 36011 Skjergardsteneste</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

36015 Rydd Vestland

Utgifter	2 323 124	2 555 000	231 876	2 555 000	10 214 758
Avsetnad til fond	8 682	0	-8 682	0	87 065
Inntekter	-2 331 806	-2 555 000	-229 019	-2 555 000	-10 301 823
Bruk av fond	0	0	5 825	0	0
<i>Sum teneste: 36015 Rydd Vestland</i>	<i>-0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

36016 Stikk ut

Utgifter	1 053 285	1 257 000	203 715	1 257 000	546 331
Avsetnad til fond	0	0	0	0	0
Inntekter	-584 767	-1 257 000	-672 233	-1 257 000	-36 240
Bruk av fond	-468 519	0	468 519	0	-510 091
<i>Sum teneste: 36016 Stikk Ut</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>	<i>0</i>

Sum ansvar: 120 Fjordane Friluftsråd	150 000	150 000	0 150 000	150 000
---	----------------	----------------	------------------	----------------

BALANSE

Konto: 251080700 Bundne driftsfond		31/12 2024	31/12 2023	Endring	Kommnetar
7500	FFR - Akkumulert årsresultat	-2 789 928	-2 937 570	-147 641	Saldering meirforbruk
7501	FFR - Reguleringsfond Strandrydding (36010)	-448 764	-153 620	295 143	Saldering mindreforbruk
7502	FFR - Reguleringsfond Skjergardsteneste (36011)	-2 165 749	-1 774 993	390 756	Saldering mindreforbruk
7503	FFR - Reguleringsfond Rydd Vestland (36015)	-42 125	-33 442	8 683	Saldering mindreforbruk
7505	FFR - Reguleringsfond Friluftsliv og folkehelse (36007)	-393 374	-174 471	218 904	Saldering mindreforbruk
7511	FFR - Friluftsskular	-230	-230	0	
7516	FFR - Gåve Fjorden Friluftsråd	-87 107	-250 000	-162 893	Prosjekt 8567
Sum konto: 251080700 Bundne driftsfond		-5 927 277	-5 324 326	602 951	